

# Vedtekter

# Sogn Sparebank

## KAP. 1 Føretaksnamn - forretningskontor - føremål

### § 1-1. Føretaksnamn og forretningskontor

Sogn Sparebank er eit resultat av ei samanslåing av Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank, vedteke av bankane sine generalforsamlingar 18. desember 2018.

Lærdal Sparebank, skipa i 1860, Årdal Sparebank, skipa i 1906, og Borgund Sparebank skipa i 1915, vart samde om å fusjonera i 1971. Som ei følgje av dette, vart Indre Sogn Sparebank etablert i 1972.

Aurland Sparebank vart skipa 18. mai 1883.

Vik Sparebank vart skipa 06. juni 1846.

Sogn Sparebank har forretningskontoret sitt i Årdal kommune.

### § 1-2. Føremål

Sparebanken har til føremål å utføra forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføra i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lov-giving, og til ei kvar tid gjevne konsesjonar.

## KAP. 2 Sparebanken sin eigenkapital

### § 2-1 Grunnfondet

- (1) Borgund Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 2.500,00, som var ytt av innbyggjarar i Borgund kommune, er betalt attende.
- (2) Lærdal Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 4.109,77 som var ytt av Lærdal Bygdemagasin, skal ikkje betalast attende.

- (3) Årdal Sparebank sitt opphavlege grunnfond NOK 2.920,00, som var ytt av 41 innskytarar med garanti av Årdal kommune, er betalt attende.
- (4) Aurland Sparebank sitt opphavlege grunnfond, NOK 1.468,38 som var ytt av Aurland kommune, skal ikkje betalast attende.
- (5) Vik Sparebank sitt opphavlege grunnfond NOK 614,80, er betalt attende.

Ingen har krav på utbyte frå verksemda til banken utover eventuell forrenting av banken sin eigarandelskapital.

## § 2-2 Eigarandelskapital

Sparebanken har høve til å ferda ut omsettelege eigenkapitalbevis. Eigenkapitalbevisa skal vera registrert i Verdipapirsentralen.

- (1) Sogn Sparebank sin eigarandelskapital utgjør NOK 31.625.000,- fordelt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,- fullt innbetalt.

## § 2-3 Informasjon til eigenkapitalbevis eigarane

- (1) Når dokument som gjeld saker som eigenkapitalbevis eigarane har krav på vert gjort tilgjengeleg på Sogn Sparebank si heimeside, gjeld ikkje lova sitt krav om at dokument skal sendast eigenkapitalbevis eigarane.
- (2) Ein eigenkapitalbevis eigar kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som eigenkapitalbevis eigaren har krav på.

## KAP. 3 Generalforsamling

### § 3-1 Generalforsamling

Sparebanken skal ha ei generalforsamling som skal sjå til at banken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lov, føreskrifter, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga er den øvste avgjerdsmakta i sparebanken.

Generalforsamlinga skal ha 22 medlemmer med 11 varamedlemmer. Generalforsamlinga sine medlemmer og varamedlemmer møter personleg. Det er ikkje høve til å møta ved fullmektig eller med rådgjevar.

Leiar av generalforsamlinga har ansvar for innkalling til generalforsamlinga og valmøtet til eigenkapitalbevis eigarane.

Leiar av generalforsamlinga samrår med leiar av valnemnd om gjennomføring.

### § 3-2 Generalforsamlinga si samansetning

Generalforsamlinga til sparebanken skal vera samansett av:

- Kundevalde:
  - 6 medlemmer og 3 varamedlemmer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-4.
  
- Kommunevalde:
  - 1 medlemmer og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Årdal.
  - 1 medlem og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Lærdal.
  - 2 medlemmer og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Aurland.
  - 2 medlemmer og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Vik.

Alle val i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-5.

- Tilsettevalde:

- 5 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast av og blant dei tilsette i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-6.
- Eigenkapitalbeviseigarvalde:
  - 5 medlemmer og 2 varamedlemmer som skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-7.

### § 3-3 Val til generalforsamlinga

Myndige personar kan veljast som medlemmer av generalforsamlinga.

Medlemmer og varamedlemmer til generalforsamlinga skal veljast for 4 år. Minst tre firedelar av medlemmane skal vera personar som ikkje er tilsett i banken.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks om vala.

### § 3-4 Medlemmer til generalforsamlinga valde av kundar

- (1) Sparebanken sine myndige kundar som har, og i dei siste seks månadane har hatt eit engasjement på minimum 5.000 kroner, har stemmerett ved val av kundane sine medlemmer og varamedlemmer til generalforsamlinga i sparebanken.
- (2) Sparebanken sine myndige kundar som har, og i dei siste seks månadane har hatt eit engasjement på minimum 5.000 kroner, kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for kundane.
- (3) Kvart kundeforhold gjev ei røyst når ikkje anna følgjer av lova eller vedtektene. Ingen kunde har meir enn 2 stemmer, ei på grunnlag av eige kundeforhold, og ei som representant for annan kunde.

- (4) 6 medlemmer og 3 varamedlemmer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar, skal veljast som følgjer:

KUNDEVALDE		
	MEDLEMER	VARAMEDLEMAR
Aurland kommune	2 representantar	1 representant
Årdal kommune/Lærdal kommune	2 representantar	1 representant
Vik kommune	2 representantar	1 representant

- (5) Val etter denne paragraf skjer på valdagrar innan utgangen av februar.

### § 3-5 Medlemmer til generalforsamlinga valde frå det offentlege

- (1) Kommunestyra i Årdal, Lærdal, Aurland og Vik skal til saman velja 6 medlemmer og 4 varamedlemmer som følgjer:

KOMMUNEVALDE		
	MEDLEMER	VARAMEDLEMAR
Aurland kommune	2 representantar	1 representant
Årdal kommune	1 representant	1 representant
Lærdal kommune	1 representant	1 representant
Vik kommune	2 representantar	1 representant

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.  
 (3) Leiar i valnemnda har ansvar for å varsle kommunane dersom det må gjennomførast suppleringsval

### § 3-6 Medlemmer til generalforsamlinga valde av dei tilsette

Dei faste tilsette i sparebanken har stemmerett ved val av dei tilsette sine medlemmer til sparebanken si generalforsamling. Adm. Banksjef har ikkje stemmerett.

Dei tilsette i sparebanken kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for dei tilsette.

- (1) Dei tilsette skal velja 5 medlemmer og 2 varamedlemmer av og blant tilsette.  
 (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

### § 3-7 Eigenkapitalbevisegarane sin representasjon i generalforsamlinga

Eigarar av eigenkapitalbevis i sparebanken har stemmerett og kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for eigenkapitalbevisegarane.

- (1) Eigenkapitalbevisegarane skal velja 5 medlemer og 2 varamedlemer i eigenkapitalbevisegarane sitt valmøte. Desse skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis.
- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

Ingen kan på møte for eigenkapitalbevisegarane avgi stemmer for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalsbevisegarar som vil delta i valet etter § 3-7 skal melda seg i banken innan ein viss frist som skal stå i innkallinga. Fristen skal ikkje gå ut tidlegare enn tre bankdagar før valet skal haldast. Har ein eigenkapitalbevisegar ikkje meldt seg i rett tid, kan denne nektast høve til å vera med i valet.

### § 3-8 Innkalling til generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad kvart år. Generalforsamlinga vert kalla inn av styret. Møte i generalforsamlinga kan haldast i banken sitt forretningsområde.

Informasjon om innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemmane i generalforsamlinga elektronisk, om ikkje anna er avtala, seinast 21 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemmane på sparebanken si heimeside, gjeld ikkje lova sine krav om at dokumenta skal sendast til medlemmane av generalforsamlinga. Dette gjeld òg

dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

### § 3-9 Møte og vedtak i generalforsamlinga

Kvart medlem av generalforsamlinga har ei stemme.

Avgjerder i generalforsamlinga vert fatta ved fleirtal av dei stemmer som er gitt med mindre noko anna går fram av desse vedtektene. Står stemmetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

### § 3-10 Generalforsamlinga sine oppgåver

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast:

- Val av leiar og nestleiar for generalforsamlinga for 2 år om gongen. Leiar skal veljast andre periode og nestleiar skal veljast første periode.
- Andre val etter lovene.
- Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga med disponering av overskot/underskot/-utdeling av utbyte.
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Vedtak om eller fullmakt til å oppta ansvarleg lån eller annan framandkapital vert fatta av generalforsamlinga med fleirtal som for vedtektsendring.

## KAP. 4 Styret, revisjons- og risikoutval og dagleg leiing

### § 4-1 Styret

#### § 4-1.1 Styret si samansetning

Styret er sett saman av frå 5 til 7 medlemmer med same tal varamedlemer som skal veljast for 2 år av generalforsamlinga. Eigenkapitalbevisigarane har 1 representant i styret og 1 varamedlemmar.

Representantar til styret skal veljast som følgjer:

STYRET	MEDLEMER	VARAMEDLEMAR
Styremedlem føreslått frå Aurland kommune	1 representant	1 representant
Styremedlem føreslått frå Årdal kommune/Lærdal kommune	1 representant	1 representant
Styremedlem føreslått frå Vik kommune	1 representant	1 representant
Styremedlem valgt av og blant tilsette	1 representant	1 representant
Styremedlem føreslått av eigenkapitalbeveigarane	1 representant	1 representant

- I tillegg kan valkomiteen gjere framlegg om inntil to medlemmer, basert på styret sitt behov for kompetanse. Desse skal også ha kvar sitt personlege varamedlem.
- Styreleiar og nestleiar skal veljast særskilt for 2 år. Leiar skal veljast første periode og nestleiar skal veljast ande periode.
- Dersom eit fleirtal i generalforsamlinga ikkje ønskjer ein eller fleire av dei representantar innstilt av valnemnda, skal saka sendast tilbake til valnemnda for ny saksførebuing og ny innstilling.

#### § 4-1.2 Styret sine oppgåver

Styret sine oppgåver følgjer av lov og føreskrifter.

### § 4-2 Revisjons- og risikoutval

#### § 4-2.1 Revisjons- og risikoutvalet si samansetning

Banken skal ha eit revisjons- og risikoutval som skal veljast av og blant medlemene i styret.

Revisjons- og risikoutvalet skal samla ha den kompetansen som ut i frå banken sin organisasjon og verksemd er nødvendig for å ivareta oppgåvene sine. Minst eitt av medlemene i revisjons- og risikoutvalet skal vera uavhengig av verksemda og ha

kvalifikasjonar innan rekneskap eller revisjon. Styremedlemar som er leiande tilsette, kan ikkje veljast til medlemmer av revisjons- og risikoutvalet.

#### § 4-2.2 Revisjons- og risikoutvalet sine oppgåver

Revisjons- og risikoutvalet skal:

- førebu styret si oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen,
- overvaka systema for intern kontroll og risikostyring, og banken sin internrevisjon om slik funksjon er etablert,
- ha løpande kontakt med banken sin valde revisor om slik funksjon er etablert,
- vurderer og overvaka revisor sin uavhengigheit, jf. revisorlova kapittel 4, herunder særleg i kva grad andre tenester enn revisjon som er utlevert av revisor eller revisjonsselskapet utgjør ein trussel mot uavhengigheita.

#### § 4-3 Dagleg leiar: administrerande banksjef

Sparebanken skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar har tittel administrerande banksjef og vert tilsett av styret.

##### § 4-3.1 Administrerande banksjef sine oppgåver

Oppgåvene til administrerande banksjef følgjer av lov og føreskrifter.

## KAP. 5 VALNEMND

### § 5-1 Valnemnd for generalforsamlinga sitt val

#### § 5-1.1 Valnemnda si samansetjing

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 5 medlemmer, samt 1 varamedlem for kvart fast medlem for 2 år. Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga, av desse skal det vera ein representant frå Aurland, ein representant frå Lærdal/Årdal, ein representant frå Vik, ein representant valt av eigenkapitalbevisegarane og ein frå dei tilsette.

- Leiar for den valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemne i valnemnda, første perioden.
- Varamedlem skal representere same lokale gruppe som fast medlem.

### § 5-1.2 Valnemnda sitt arbeid

Valnemnda skal:

- Førebu val til generalforsamlinga
- Førebu val til styret
- Førebu val til valnemnd
- Førebu eigenkapitabeviseigarane sitt valmøte
- informere kommunane om evt. behov for Suppleringsval.
- samordne innstilling frå vala til eigenkapitalbeviseigarane og tilsette
- innstille frå lokale område Aurland, Årdal/Lærdal og Vik; styremedlemer og varamedlemer til styret
- Innstille inntil to geografisk uavhengige styremedlemer
- innstille leiar og nestleiar i generalforsamlinga
- innstille leiar og nestleiar styret
- innstille medlemer valnemnd
- i samla innstilling til alle val i generalforsamlinga

Generalforsamlinga fastset nærare instruks for valnemnda.

## KAP. 6 Bruk av overskot og inndekning av underskot

### § 6-1 Bruk av overskot

Årets overskot blir tilordna eigarane av eigenkapitalbevis og banken etter forholdet mellom eigardelskapitalen med tillegg av overkursfondet og grunnfondskapitalen med tillegg av kompensasjonsfondet. Utbyttedmidlane i år skal fordelast mellom eigardelskapitalen og banken etter same forhold.

Utbyttmidlar tilordna eigardelskapitalen blir utbetalte som utbytte til eigarane av eigenkapitalbevis. Resten av årets overskot tilordna eigardelskapitalen skal tilførast utjavningsfondet eller utgjera annan eigardelskapital.

Den delen av årets overskot som er tilordna grunnfondskapitalen, blir lagt til. Det kan fastsetjast at utbyttmidlar kan nyttast til utbytte på innskoten grunnfondskapital, til gåver til allmennyttige formål eller overførast til eit fond for slike gåver (gåvefondet), eller blir overført til ei stifting med allmennyttig føremål.

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49 % innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Ved eventuell framtidig kommunesamanslåing skal noverande kommunegrense leggjast til grunn for gåvetildelinga. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 40 % av at dei utdelte gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd . Geografisk fordelte midlar som ikkje er nytta innan utløpet av året midlane vart vedtatt av generalforsamlinga vil inngå i gåvefondet og kan overførast til gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd.

## § 6-2 Inndekning av underskot

Underskot etter resultatrekneskapan for siste rekneskapsår skal først søkast dekkja ved forholdsmessig overføring frå grunnfondskapitalen, under dette gåvefondet, og den eigarandelskapitalen som overstig vedtektsfesta eigarandelskapital, under dette utjavningsfondet. Underskot som ikkje vert dekkja slik, vert dekkja ved forholdsmessig overføring frå overkursfondet og kompensasjonsfondet. Ytterlegare underskot vert dekkja ved nedsetjing av vedtektsfesta eigarandelskapital og eventuelt ved nedsetjing av annan kapital.

## KAP. 7 Aldersgrense

### § 7-1 Høgaste aldersgrense for tenestemenn

Høgaste aldersgrense for administrerande banksjef og andre fast tilsette er 70 år.

## KAP. 8 Vedtektsendringar

### § 8-1 Vedtektsendringar

Endring av desse vedtektene kan fattast av generalforsamlinga. Avgjerd om vedtektsendring krev tilslutning frå minst to tredelar av dei avgitte stemmene.

## KAP. 9 Avvikling

### § 9-1 Vedtak om avvikling av sparebanken

Generalforsamlinga tek stilling til forslag frå styret om avvikling av sparebanken. Vedtak om avvikling vert fatta med same fleirtal som for vedtektsendringar.

### § 9-2 Disponering av sparebanken sin kapital ved avvikling

Ved avvikling av sparebanken, skal dei overskytande midlane etter at alle forpliktingar er dekkå, overførast til ein eller fleire sparebankstiftingar.

Dei overskytande midlane blir fordelt med 34,16 % til sparebankstifting innanfor kommunane Årdal og Lærdal, med 26,49 % til sparebankstifting innanfor Vik kommune og med 39,35 % til sparebankstifting innanfor Aurland kommune.

Ved eventuell framtidig kommunesamanslåing skal noverande kommunegrenser leggjast til grunn ved etablering av føresegnene som gjeld føremål for sparebankstiftingane. Vedtak om fordeling skal avgjerast av generalforsamlinga etter innstilling frå medlemmer i generalforsamlinga, som er valde frå desse kommunane.